




KONSERTINFORMASJON

Skulekonsertordninga
til Rikskonsertane

2009
2010



Rafiki - min venn

Hussein Masimbi og Trym Bjønnes

«Ein venn er noko som hjartet treng heile tida»

Henry Van Dyke

Konsert for 8. - 10. årstrinn

Turneen er eit samarbeid mellom

RIKSKONSERTANE



Hordaland fylkeskommune



KONSERTINFORMASJON: Rafiki

OM PROGRAMMET OG MUSIKARANE

Mange av oss hugsar nok Rafiki-karakteren i Walt Disney-klassikaren Løvenes konge. Løva Simba får avgjerande råd av Rafiki, idet han er i ferd med å miste sitt livs mål av syne. Rafiki blir beskriven som ein sjaman og hjelper som har kontakt med åndeverda, og som kan bringe hjelp og kraft tilbake til denne verda. Rafiki er til gagn for alle, i teneste for det gode.

Ordet rafiki er kiswahili og betyr min venn.

Vennskapen mellom dei to utøvarane i denne førestellinga er eit resultat av den felles lidenskapen dei har for musikkuniverset. Her møtest dei og dyrkar vennskapen sin gjennom å utforske, blande og kommunisere med dei personlege musiske uttrykka sine.

I løpet av konserten kjem dei til å krysse grenser, bevege seg frå ein stad til ein annan, frå ein musikkstil til ein annan, frå ein tenkjemåte til ein annan. Dette kjenneteiknar tida vi lever i. Vi treng grenser, og vi treng å bryte dei. For mange menneske kan grenser vere stengsel, men dei same stengsla gir moglegheiter, og gjennom å motsetje seg grenser skaper ein musikalske hybridar.

Publikum får høyre ei blanding av tradisjonell musikk frå Noreg og Tanzania, med element frå blues, populærmusikk og world. Nytt og gammalt blir blanda i eit vokalt og rytmisk uttrykk.

HUSSEIN RASHIDI MASIMBI

Hussein Masimbi har utdanninga si frå Bagamoyo College of Arts. Han har jobba eitt år i Noreg som muskar og pedagog gjennom Nota-prosjektet. For tida jobbar han også med eit stort innsamlingsarbeid der han samlar inn tanzaniansk tradisjonsmusikk. Dette er eit samarbeid med NORAD.

Hussein blei fødd inn i ein kunstnarfamilie. Stamma han kjem frå, heiter mnyamwezi og held til i Tabora, central west. Han voks opp på colleget der faren jobba som teaterlærer og muskar. Der lærte han ved å sjå på, imitere og etter kvart også delta. I dag underviser Hussein på Bagamoyo College of Arts i utøvande afrikansk dans og tromme-spel.

TRYM BJØNNES

Trym er songar, låtskrivar og gitarist. Han voks opp på Hovden i Setesdal, og fekk med seg ein god dose folkedans og musikk i oppveksten. Etter kvart var det artistar som Bob Marley og Muddy Waters som gjorde sterkast inntrykk, og som 14-åring fekk han bli med "dei store gutta" i det einaste bandet i bygda. Trym har utdanninga si frå Bårdar Akademiet i Oslo, og Liverpool Institute for Performing Arts. Han har vore med i musikaloppsetningar på Det Norske Teatret og Agder Teater, og han har opptreidd i ulike samanhengar med eige materiale innan sjangrar som blues, rock og folkemusikk. For tida jobbar han som frilans muskar i Stavanger, og var seinast med som songar og gitarist i "Project Bandalooop" i Gløppedalsura. På nettet kan du høyre og sjå meir av Trym her:

[myspace.com/trymbjønnes](https://www.myspace.com/trymbjønnes)

[youtube.com/trymbjønnes](https://www.youtube.com/trymbjønnes)

«*Music is what feelings sound like*» Trym Bjønnes

«*The muse within is about the music and its relationship with the people*» Hussein Masimbi



KONSERTINFORMASJON: Rafiki

PRAKTISK FØREBUING TIL KONSERTEN

- Muskarane opptrer midt på langveggen i rommet. Scenen må ikkje vere mindre enn 4 x 4 m.
- Til publikum må det byggjast "amfi" i ein halvsirkel av matter, benker, stolar og eventuelt bord. Det må vere ein midtgang på ca. 1,5 m. Pass på at alle får sjå godt.
- Det er bra å ha god aldersblanding på konsertane (8.–10. trinn med på alle konsertar).
- Muskarane set pris på at lærarane sit saman med elevane under konserten.
- Konsertlokalet skal vere oppvarma og klargjort 60 minutt før konserten, slik at muskarane kan disponere lokalet til opprigging.
- Utøvarane treng garderobe/rom og vatn/te/kaffi. Frukt er alltid populært.
- Kulturkontakten på skolen må vere til stades når muskarane kjem.
- To elevar er berehjelp før og etter konserten.
- Muskarane treng 2 x16 ampere straum til instrumenta.

FØREARBEID/ETTERARBEID

Det er ikkje nødvendig med førearbeid.

IDEAR TIL ETTERARBEID:

Det er mogleg for skolane å jobbe meir med afrikansk kultur i praksis. NOTA, som er eit interkulturelt samarbeidsprosjekt mellom Noreg og Tanzania, tilbyr gjennom Ngoma-prosjektet to dagars workshopar i tanzaniansk tromming, musikk og dans til grunnskolar i Stavanger og resten av Rogaland. Tanzanianarar underviser på workshopane, og det er mykje elevdeltaking. Elevane kan velje mellom tromming, dans eller handarbeid/drama. Dei lærer også å syngje tanzanianske songar på swahili. Workshopane blir avslutta med ei førestelling for resten av skolen.

Kontaktperson for dette er avdelingsleiar på Stavanger kulturskole, Roald Hindal. Han kan kontaktast på e-post roald.hindal@stavanger.kommune.no eller mobil 482 30 506. For meir informasjon sjå www.nota-project.org/ngoma.htm.

Gå inn på lenkja under. Her finn du mykje informasjon om tradisjonell norsk folkemusikk frå Rogaland og Agder. Her er også seminar ein kan delta på.

<http://www.ryfylkemuseet.no/index.php?Lang=NO&ID=14>

<http://www.folkemusikkarkivet.net/agder/index.php?id=3>

Vidare finn du lenkjer til folkemusikkartistar i den norske og utanlandske folke- og worldmusikkbransjen:

<http://www.folkelarm.no/2008/>

<http://www.rikskonsertane.no/osloworldmusicfestival>

Se også boken *Bruk konserten!* for flere undervisningsopplegg
www.rikskonsertene.no/brukkonserten

Velkommen til konsert!



KONSERTINFORMASJON: Rafiki

Produksjonsnummer: 109H042

SPØRSMÅL OM TURNEPLANEN

Turnélegger Hanne-Brit Iversen
Hordaland fylkeskommune, tlf. 55 57 23 75
E-post: hanne-brit.iversen@post.hfk.no

SPØRSMÅL OM PROGRAMMET

Rogaland fylkeskommune og Den kulturelle skolesekken i Rogaland
Produsent: Gine Heien, tlf. 51 51 68 52 / 986 51 441,
e-post Gine.Heien@rogfk.no

FAKTA

Rikskonsertane har det heilskaplege ansvaret for skolekonsertordninga i Noreg og legg dei faglege rammene for verksemda. Skolekonsertane er statleg fi nansierte gjennom budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet. Fylkeskommunane har ansvar for turnéplanlegging og delar av konsertproduksjonen i sine respektive fylke. Kommunane abonnerer på skolekonsertane til Rikskonsertane, ei ordning som i dag omfattar 99,7 % av alle grunnskolane i landet. 600 000 barn får to årlege besøk av profesjonelle musikarar på skolane sine. Den enkelte skolen står som arrangør av skolekonsertane. Kvart år gjennomfører rundt 800 musikarar 10 000 skolekonsertar i Noreg.

Du finn meir informasjon på www.rikskonsertene.no

